

**RYFYLKEMUSEET –
med historia i hendene**

**STRATEGISK PLAN
2023–2030
HØYRINGSUTKAST**

Strategisk plan er vedtatt for åtte år, med evaluering og revidering etter fire år.

Visjon

Ryfylkemuseet – med historia i hendene

Ryfylkemuseet skal ta hand om kultur- og naturhistorie i Ryfylke. Hender inviterer, helser, bygger, leiker, skaper, lagar musikk, finn kjelder og skriv og mykje meir. I Ryfylkemuseet legg vi særleg vekt på å bevare og formidle handlingsboren kunnskap og på å vere ein møteplass og lærearena med aktiv deltaking – på tvers av samfunnsgrupper.

Oppdrag

Kunnskapen som ligg i hendene – Ryfylkemuseet og handlingsboren kunnskap

Vi skal vere blant dei leiande musea i landet innan systematisk bevaring, kompetansebygging og formidling av handlingsboren kunnskap.

- Vi skal vere eit av dei leiande musea i landet innan bygningsvern og tradisjonshandverk. Vi skal vere ein sterk aktør i Rogaland som fremmer kulturminnevern både innan og utanfor museale arenaer.
- Vi skal vere ein sterk aktør innan folkemusikk og folkedans i Rogaland. Vi skal bevare, dokumentere og formidle folkemusikk- og folkedanstradisjonar frå Rogaland både regionalt, nasjonalt og internasjonalt.
- Vi skal drive kunnskaps- og forskingsprosjekt innan bygningsvern og kulturmiljøvern i samarbeid med andre forskingsmiljø.

Kunnskap er fundamentet – Ryfylkemuseet som kunnskapsinstitusjon

Vi skal ha ei sterk fagleg forankring og vere ei kjelde til kunnskap om liv og verksomhet i Ryfylke. Vi skal vere eit relevant museum i samtida.

- Vi skal formidle basert på solid kunnskapsarbeid og auke kunnskap i og om Ryfylke.
- Vi skal legge til rette for forsking – både nå og for framtida.
- Vi skal aktiv søke samarbeid med fagmiljø og forskingsinstitusjonar i inn- og utlandet.
- Vi skal styrke arbeidet med formidlingsmetodar som inviterer til kritisk tenking og refleksjon.

Å hugse for samfunnet – Ryfylkemuseet som bevaringsinstitusjon

Vi skal jobbe med berekraftig og heilsakleg utvikling av samlingane og anlegga.

- Vi skal dokumentere og bevare lokalhistoria, særleg for tida frå reformasjonen og fram til i dag.
- Vi skal dokumentere og bevare immateriell kulturarv, særleg handlingsboren kunnskap.
- Samlingane våre skal vere tilgjengelege i nåtida og ein verdfull ressurs i framtida.
- Vi skal drive *kvalitativ* samlingsutvikling.
- Vi skal jobbe strategisk, berekraftig og langsiktig med utvikling av anlegg.

Det handlar om menneska – Ryfylkemuseet som samfunnsinstitusjon

Vi skal vere eit museum for alle og skal vere aktiv deltarar i samfunnet vårt.

- Vi skal vere tilgjengelege. Tilgjengeleggjering handlar om fysisk tilrettelegging og digital tilgjengeleggjering, men også om å vere til stades, formidling tilpassa ulike målgrupper, tilgang til kompetanse og meir til.
- Vi skal søke samarbeid med andre aktørar i samfunnet, særleg med frivillige.
- Vi skal vere ein identitetsbyggande institusjon i Ryfylke.
- Vi skal vere ein aktiv reiselivsaktør og bidra til attraktive opplevingar i regionen.
- Vi skal legge til rette for fysiske møteplassar i Ryfylke.
- Vi skal oppretthalde målet om å vise godt att i heile Ryfylke.

Vi på museet – Ryfylkemuseet som arbeidsgjevar og organisasjon

Vi skal vere ein open, attraktiv arbeidsplass med godt arbeidsmiljø, med høg kompetanse i staben.

- Vi skal styrke intern kompetanse, både gjennom etter- og vidareutdanning og ved nye tilsettingar. Vi skal legge til rette for personleg utvikling og medverknad.
- Vi skal ha sosial, økologisk og økonomisk berekraftig drift og utvikling i fokus.
- Vi skal trivast og vere trygge på jobb.

Kven er vi?

Ryfylkemuseet er eit kulturhistorisk museum stifta i 1981, med Suldal som vertskommune. Vi er i 2022 19 fast tilsette med eit par større prosjektstillingar eller engasjement. I tillegg kjem vertar og sommartilsette.

Vi har samlingar og anlegg i og frå heile Ryfylke-regionen og forvaltar over 80 bygningar, derav 79 kulturhistoriske bygningar. Bygningane er fordelt på 18 anlegg. Museet har hovudsete og kontorstad på Sand i Suldal. Administrasjonsspråket er nynorsk.

Ryfylkemuseet forvaltar kring 22 000 gjenstandar og 140 000 foto.

Dessutan har vi eit regionalt ansvar for folkemusikk og folkedans, med Folkemusikkarkivet for Rogaland plassert hos oss.

Ryfylke bygningsvernssenter er ein ny del av museet og skal gjere spisskompetansen museet har innan bygningsvern og tradisjonshandverk, meir tilgjengeleg. Innan feltet er vi blant dei mest kjende og aktive musea i landet.

Kor er vi?

På slutten av 1970-åra blei det bestemt at ein ikkje lenger skulle søke å etablere eit Rogaland Folkemuseum i Stavanger. I staden blei samlingane frå Jæren skilde ut, og museet flytta hovudsetet til Suldal. I 1981 blei det vedtatt at museet skulle endre namn til Ryfylkemuseet og skulle få ansvar for regionen Ryfylke, slik han var definert i perioden 1963–2019.

Ryfylkemuseet held fram denne definisjonen av regionen Ryfylke, uavhengig av kommunesamanslåingar og endringar i kommunegrensene etter 1981. Regionen Ryfylke som Ryfylkemuseet har ansvar for, omfamar i dag frå nord til sør: Sauda kommune, Suldal kommune, Hjelmeland kommune, deler av Stavanger kommune (gamle Finnøy, Rennesøy og Ombø), Kvitsøy kommune, Strand kommune og deler av Sandnes kommune (det gamle Forsand).

	<p>Rygjafylke var ikkje det same som Ryfylke i dag. Frå 1200-talet og fram til tidleg på 1500-talet omfatta Rygjafylke heile det nåverande Rogaland. [...] I nyare form kom den nordre delen til å bli Ryfylke, medan den søre delen blei Jæren. Frå tidleg 1600-tal og fram til midt på 1750-talet var Ryfylke delt inn i 3 fjerdingsting: Karmsund, Hemnes og Hesby. [...] Grensene for Ryfylke har altså vore sterkt varierande, og det er ikkje lett å finne noen eintydig oppfatning av Ryfylke.</p> <p>Rogaland er elles òg eit gammalt namn på området, eit landskapsnamn. Dei første ledda både i Rogaland og i Rygjafylke kjem likevel begge av folkenamnet rygir (fleirtal). Folkenamnet «rugii» er nemnt så tidleg som kring år 100 e.Kr. (Tacitus), og i fleire yngre kjelder. Det har vore rekna med at rygene vandra inn til Noreg i folkevandringstida (400–600 e.Kr.), og gav namn til Rogaland. Men dei historiske samanhengane er svært usikre. (Utdrag frå Drange, Ernst Berge: Det eldste Ryfylke, i: <i>Folk i Ryfylke</i> 2003.)</p>
<p>Kart frå Wikipedia viser regionar og kommunar i Rogaland per 2019. https://no.wikipedia.org/wiki/Rogaland#Kommuner, 15. november 2022</p>	